



FITJAR

### Oppgåve til elevar ved helse og oppvekst vg1, Fitjar vgs.

I Fitjar kommune er det ca 55 eldre som mottar helsetenester, av desse er nokon på sjukeheim og andre får hjelp heime. Utover dette greier mesteparten av dei eldre i kommunen seg sjølv.

Kommunen ynskjer at flest mogleg kan greie seg sjølv heime, men ser også at enkelte kunne hatt nytte av meir hjelp enn det dei får. Helse er tett knytt opp til kva næring ein får i seg, og det kostar samfunnet mykje dersom ein person treng særskild oppfølging på grunn av underernæring/feilernæring. Fitjar kommune ynskjer difor å vite meir om matvanar til eldre i kommunen. For tida er det rundt 10 personar i kommunen som kjøper middag på dagleg basis (frå 78kr/dag) frå kjøkkenet på sjukeheimen. Opplegget med tilkøyrd middag er eit samarbeid mellom kommunen, Frivilligsentralen og kjøkenet på sjukeheimen. Middag er ein ting, men kva med dei andre måltida til dagen? Me vil gjerne at de hjelper oss med å kartlegge korleis matvanane til dei eldre i kommunen er, og me ser føre oss to oppdrag spesielt:

- Kor mange måltid er det vanleg at dei eldre i kommunen har pr dag og korleis er samansetninga i høve kostsirkelen (Helsedirektoratet)?
- Er dei du snakkar med fornøgd med tilbodet frå kommunen? Kva kan eventuelt gjerast annleis?

Om kvar einiskild elev snakkar med minst to personar i aldersgruppen 70+ vil me kunne få eit visst innblikk i situasjonen. Dersom det er høve til det, vil me gjerne at eleven lagar eit måltid til den dei har snakka med, gjerne med eit balansert innhald av næringsstoff.

Fitjar kommune ynskjer at arbeidet er ferdig i laupet av mai månad.

Mvh

Olav Sande  
Einingsleiar pleie- og omsorg  
Fitjar kommune

Fitjar Bar- og behandlingssenter  
Garnie Havneveg 4, 5419 Fitjar